

Vestland Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Dykkar referanse

Vår referanse
25/2495 - 2

Dato
20.10.2025

Merknad til planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Luster kommune har følgjande merknad til planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet i Vestland.

Først litt om areal:

Planprogrammet tek opp mange relevante tema kommunen jobbar med til dagleg, som areal til ustadbygging, blågrøne strukturer, jordvern, landbruk, kulturmiljø, vassforvaltning og naturfarar. Det er positivt at det skal utviklast strategiar og retningslinjer for disse områda, da det vil kunne bidra til å vidareutvikle og forbetre praksisen me har i kommunen. Samtidig er planprogrammet fortsatt på eit overordnet nivå, og vi vil derfor komme med meir konkrete tilbakemeldinger når forslag til retningslinjer vert framlagt.

Me synes det er bra at utkastet skil mellom Bergen og mindre tettstadar. Det er viktig å ta med vidare, sidan føresetnader og utfordringar varierer mykje mellom for eksempel Luster kommune og Bergensområdet. Luster håper difor at det vert lagt opp til ulike tilnærmingar i retningslinjene for byer og større tettstader, samanlikna med mindre tettstader, i det vidare arbeidet.

Så til mobilitet:

Det er også positivt at planprogrammet tek opp mobilitet og trafikkssikkerheit for mjuke trafikantar, særleg i kommunar kor naturtilhøve og vegnett gir ekstra utfordringar. Dette er eit relevant og krevjande tema for vår kommune, som er preget av mange naturfarar og eit varierende vegnett på grunn av krevjande topografi med fjell og fjord. I tillegg er Luster kommune stor i areal, noko som skapar utfordringar med å utvikle kollektivtilbodet, særleg med tanke på det låge passasjertal per busstur.

Det skal også nemnast at Luster kommune dreiv ei ferge, ferga mellom Solvorn og Ornes. Dette er eit godt døme på kor viktig det er at alle bygder og samfunn får tilbod som gjer det muleg å bu desentralisert men samstundes har mulegheiter til å delta i samfunnet og på aktivitetar som andre. Luster kommune meiner at prinsippet om like mulegheiter er så viktig, at fylkeskommunen burde ta over denne fergedrifta då det burde vere eit overordna ansvar.

Luster kommune ser fram til endeleg planforslag.

Med helsing

Knut Vidar Svanheld
plansjef

Kopi til
Amanda Rödström
Ole Gunnar Krakhellen

Plan
Forvaltning og utvikling